



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Tiltak i sjø - Sula og Ålesund - Kongshaugstranda renseanlegg - ilandføringslokaliteter ved Vegsund og Vegsundstranda - mudring - Vedtak med løyve

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Ålesund kommune løyve til mudring ved
ilandføringslokalitetar ved Vegsund og Vegsundstranda. Tillatelse med vilkår fylgjer vedlagt.**

Vi vedtek eit gebyr på kr 22 900 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad frå Multiconsult på vegner av Ålesund kommune send inn 30.06.2025.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Ålesund kommune løyve til mudring og sprenging i sjø ved ilandføringslokalitet Vegsund (gnr. 15 bnr. 323 i Ålesund kommune) og ilandføringslokalitet Vegsundstranda (gnr. 17 bnr. 176 og 1085 i Ålesund kommune). Løyvet er gjeve med heimel i Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall(forureiningslova) § 11, § 16, og i medhald av *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemperne ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

At det er gjeve løyve frittek ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Multiconsult sende 30.06.2025 inn søknad på vegner av Ålesund kommune om mudring i sjø ved to ilandføringslokalitetar knytt til prosjektet med nytt reinseanlegg på Kongshaugstranda. Søknaden



omfatta mudring og eventuelt sprenging av om lag 35 m³ ved ilandføringslokalitet Vegsund (gnr. 15 bnr. 323) og mudring av om lag 56 m³ massar ved ilandføringslokalitet Vegsundstranda (gnr. 17 bnr. 176 og 1085). Det skal mudrast i hovudsak i berg, men det er mogleg at det er nokre lausmassar òg. Det skal mudrast ned til kote -3. Tiltaka har planlagd oppstart i månadsskiftet august/september 2025.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring fram til 14. august 2025. Den vart kunngjort på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside og kopi vart send relevante høyringspartar med oppmoding om uttale. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene:

Fiskeridirektoratet (25.07.2025):

Fiskeridirektoratet har som føremål å fremme lønnsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukerreitta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. De uttaler seg i slike sakar for å opplyse saken med informasjon om mellom anna fiskeri- og akvakulturinteresser i området og biologisk mangfald som er viktig for næringane.

Dei skriv at tiltaksområdet er grunne sjøområde med nærliggande ålegrasenger/-førekomstar. Ålegrasenger har eigenskapar som oppvekst- og beiteområde for fisk, spesielt fisk i tidlege livsstadium. Fiskeridirektoratet tilrår at tiltaksarbeidet utførast bak siltgardin for å beskytte ålegraset då det har låg toleranse for tilslamming. Dei har elles ikkje innvendingar til at det gjevast løyve slik det er søkt om.

Bergens Sjøfartsmuseum (18.08.2025)

Museet har vurdert saken. Dei kjenner ikkje til kulturminne ved tiltaksområdet som kan verte direkte råka av tiltaka. Dei opplyser at dei har kartlagt området i juni 2023. Dei har ikkje merknadar til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og dei informerer difor om meldeplikta ved funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at dei aktuelle tiltaka kan medføre forureining som kan gjeve «vesentleg skade eller ulempe», og at det er naudsynt med eit løyve etter forureiningslova, jf. § 11. Mudring i sjø er forbode, men kan gjerast etter løyve, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Vi har vurdert tiltaka etter bestemmingane i naturmangfaldlova § 8-12 og i vassforskrifta.

Forureining og partiklar

Multiconsult har utført miljøgeologisk undersøking ved tiltaksområdet, jf. rapport med dokumentkode 10243684-RIGm-RAP-001, datert 27.06.2025. Det vart utført prøvetaking i to stasjonar ved kvar lokalitet, men lyktast berre å samle inn prøvemateriale frå eitt av punkta, ved lokalitet Vegsundstranda. Prøven bestod av sand/grus med lite finstoff. Kjemisk analyse viste TBT i tilstandsklasse III («moderat» tilstand, jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608) og tre PAH-forbindingar opp til klasse II («god» tilstand). Feltobservasjonar ved begge lokalitetane viste at det er grove og harde bottilhøve nærast land, som går over til stein, grus og sand lenger ute.

Multiconsult vurderer at gravearbeid nærast land ikkje vil medføre risiko for spreieing av forureining og vil medføre berre liten risiko for spreieing av partiklar. Graving lenger ute vurderast å ville medføre berre lokal oppvirvling og tilslamming då det er lite finstoff på sjøbotnen. Då det er registrert ei ålegraseng (sjå seinare avsnitt) nær eitt av landtaka, anbefaler Multiconsult likevel at tiltaket utførast bak siltgardin, som vil redusere risikoen for tilslamming av naturverdiane. Konsulenten anbefaler òg at det unngåast å leggje leidningstraseane og massar som er gravne ut rett over ålegrasenga.



Multiconsult skriv vidare at sprenging under vatnet vil kunne medføre undersjøisk støy, men at påverknaden vil vere kortvarig og skje om hausten, som er utanom den sårbare perioden for naturmangfaldet i området (sjå seinare avsnitt).

Vi sluttar oss til konsulentens vurdering at det ikkje er behov for omfattande tiltak mot spreieing av miljøgifter eller partiklar. Då tiltaket ved lokalitet Vegsundstranda skal gjerast like ved ein registrert ålegrasførekomst, sett vi som vilkår at det skal nyttast siltgardin under arbeidet her for å skjerme naturverdien mot partiklar, jf. vilkår 4.5 i løyvet og seinare avsnitt i vedtaket. Det må gjerast visuell overvaking under tiltaka for å ha kontroll på partiklar og eventuelt avfall, jf. vilkår 5.1. Eventuelt sprengingsarbeid i sjø skal utførast så skånsamt som mogleg for å redusere undersjøisk støy og andre negative påverknadar, jf. vilkår 4.4.

Plast og avfall

Marin forsøpling er ei utfordring langs Noregs kyst. Tiltaksarbeid i sjø kan medføre marin forsøpling ved spreieing av avfall som mellom anna sprengtrådrestar.

I søknaden er det oppgitt at det kan skje spreieing av sprengtrådar, plast og liknande frå undersjøisk sprenging og frå eventuelle plastringsmassar. Som avbøtande tiltak er det planlagd å syrgje for at eventuelle massar er fri for skytetråd og plastavfall, å arbeide bak siltgardin og å føre tilsyn og rydde i synleg avfall.

I vilkår 4.6 i løyvet har vi stilt nokre krav til handsaminga av plast og anna avfall under tiltaket.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter Lov om naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 8-12. Som kunnskapsgrunnlag har vi nytta informasjon i søknaden og vedlegg til denne (jf. rapport frå Multiconsult med dokumentkode 10243684-RIGm-RAP-001, datert 27.06.2025). I tillegg har vi nytta tilgjengeleg informasjon i databasane GisLink og Fiskeridirektoratets kartdatabase og opplysningar i høyringsuttalene. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8, og finn ikkje grunn til å legge spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

Naturreservatet Vegsundholmane-Veibustholmen ligg i sjøen utanfor tiltaksområda med ein avstand på noko over 100 m til begge. Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskild verdi for biologisk mangfald, jf. området si verneforskrift. Verneområdet har tilnærma urørte holmar og skjær og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, og er ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som mellom anna fiskemåke, makrellterne og ærfugl. Vi ventar ikkje at fuglane i reservatet vil verte vesentleg forstyrre av tiltaka, men det bør visast aktsemd.

I Naturbase er det registrert ein førekomst av naturtypen ålegrasenger og andre undervassenger like ved tiltaksområdet ved Vegsundstranda. Slike engar kan vere viktige oppvekst- leveområde for fleire artar. Førekomsten er nemnd i rapporten frå Multiconsult, som anbefalar at det nyttast siltgardin ved tiltaksarbeid her for å beskytte enga mot tilslamming og at det unngåast å leggje leidningstraseane og utgravne massar rett over enga. Vi vurderer at det bør nyttast siltgardin under arbeid ved lokalitet Vegsundstranda, for slik å beskytte ålegrasførekomsten, jf. vilkår 4.5 i løyvet.

Det er òg registrert ei ålegraseng i Kvernhusvågen, men denne har ei avstand på meir enn 400 m til tiltaksområdet ved Vegsundstranda.



Det er registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk (borgundfjordtorsken) i Borgundfjord-området. Slik gytefeltet er registrert i databasen har det en utstrekning i retning aust som går heilt til brua over Vegsundet, som er om lag 130 m frå tiltaksområdet ved lokalitet Vegsund. Feltet reknast som eit av dei viktigaste gytefelta for torsken og har verifisert mykje egg og stor eggretensjon. I gyte- og larveperioden, normalt oppgitt til perioden januar-midten av juni, er borgundfjordtorsken ekstra sårbar for forstyrringar. Tiltaka bør så langt det er praktisk mogleg leggast utanom denne perioden, jf. vilkår 4.7 i løyvet (tiltaket skal etter planen utførast om hausten).

Det er ikkje registrert akvakulturlokalitetar i nærleiken til tiltaksområda.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert utsett for. Dei aktuelle tiltaka ved Vegsund og Vegsundstranda er små i omfang, og vil ikkje medføre eit vesentleg bidrag til samla belastning i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den aktuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja eventuelle kostnadar av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomsten *Storfjorden-ytre* (ID: 0301020300-1-C). I databasen *Vann-nett* har denne registrert god økologisk tilstand (høg presisjon), men dårleg kjemisk tilstand (middels presisjon). Som påverknadar på førekomsten er det lagt inn mellom anna diffus avrenning bustadar, utslepp frå fiskeoppdrett og punktutslepp frå reinseanlegg. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, jf. *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassdirektivet) normalt ikkje tillatast dersom tiltaka vil medføre at førekomsten får dårlegare tilstand. Då dei aktuelle tiltaka ved Vegsund og Vegsundstranda er små i omfang, vurderer vi det ikkje som sannsynleg at dei vil føre til dette.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét mudring i sjø med etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaka ikkje vil medføre spreining av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 01.07.2025 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

På bakgrunn av tid- og ressursbruken vår knytt til sakshandsaminga vert saka som varsla plassert under gebyrsats 7. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 22 900 for sakshandsaminga. Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.



Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. Forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunnjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdatabasen.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar»

Dette er vårt forslag til tekst ved kunngjering i dagspressa:

Ålesund kommune får løyve til mudring ved ilandføringslokalitetar ved Vegsund og Vegsundstranda i tilknytning til prosjektet med nytt reinseanlegg på Kongshaugstranda. Vedtak og løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar». Vedtaket kan klagast på innan tre veker.

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet gjeld til og med 31.12.2026
- Målingar av kjemisk tilstand i sedimenta skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 30.09.2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)

Thomas Aurdal



underdirektør

senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Postboks 7800 5020 BERGEN

SULA KOMMUNE

Postboks 280 6039 LANGEVÅG



Løyve til for Ålesund kommune til mudring ved ilandføringslokalitetar ved Vegsund og Vegsundstranda

Løyvet er gitt i medhald av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall](#) § 16 og *Forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forureining* (forureiningsforskrifta) kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2026**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Ålesund kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 1521, 6025 ÅLESUND
Org. nummer (bedrift)	929 911 709
Lokalitet for tiltaket	Vegsund og Vegsundstranda (ilandføringslokalitetar)
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Vegsund: Gnr. 15 bnr. 323 Vegsundstranda: Gnr. 17 bnr. 176 og 1085
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	Vegsund: X = 363642, Y = 6925142 Vegsundstranda: X = 364193, Y = 6925213
Kommune tiltaket utførast i	Ålesund

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹	Arkiv
2025.0656.T	1508.0550.01	4	2025/2987
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
21.08.2025	-	-	

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndighetenes system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar mudring av om lag 35 m³ massar ved ilandføringslokalitet Vegsund (gnr. 15 bnr. 323 i Ålesund kommune) og av om lag 56 m³ massar ved ilandføringslokalitet Vegsundstranda (gnr. 17 bnr. 176 og 1085 i Ålesund kommune). Det omfattast òg sprenging ved behov.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden sendt inn 30.06.2025 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitas vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Dersom det under arbeid i tiltaksområdet treffast på kulturminne under vatn som er verna etter kulturminnelova §§ 14 eller 4, skal arbeidet stansast straks, og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum eller Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande, og avtale må føreliggje før arbeidet kan fortsettast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.



- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå anleggsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2021).

4. Mudring og sprenging

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Mudring skal utførast skånsamt for å redusere spreieing av partiklar.
- 4.4 Eventuelt sprengingsarbeid i sjø skal utførast så skånsamt som mogleg for å redusere spreieing av trykkbølge og undersjøisk støy. Det må vurderast å detonere mindre varselladningar før dei større ladningane for å skremme vekk eventuell fisk frå området.
- 4.5 Ved arbeid ved lokalitet Vegsundstranda skal det for å beskytte registrert ålegrasførekomst etablerast eit avskjerande siltgardin i ytterkant av tiltaksområdet. Siltgardinet skal dimensjonerast og plasserast slik at det i størst mogleg grad beskyttar førekomsten mot spreieing av partiklar. Leidningar og utgravne grøftemassar skal så langt det er praktisk mogleg leggjast utanom stadar der det er ålegras.



4.6 Det skal gjerast tiltak etter behov, som observasjon og tilsyn, oppsamling, rydding og utsortering, for å unngå at tiltaka medfører spreiring av avfall og marin forureining. Det skal ikkje plastrast/fyllast ut med massar som bringer med seg avfall til det marine miljøet.

4.7 Tiltaksarbeid i sjø skal av omsyn til borgundfjordtorskens søkjast utført utanom perioden 1. januar til 15. juni, så sant dette er praktisk mogleg.

5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter eit overvakingssystem som skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreiring av forureining, avfall og partiklar frå tiltaket.

6. Rapportering

6.1 Det skal sendast sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Kort skildring av tiltaket og utført arbeid, inkl. bruk av siltgardin
- Skildring av utførte avbøtande tiltak og eventuelle avvik eller uheldige hendingar.

6.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå rapport frå Multiconsult datert 27.06.2025) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 30. september 2025**. På databasen sine nettsider finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.